



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Arbeidsmiljøutvalet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy kommune
Dato: 06.02.2018
Tid: 12:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 30.01.18

Olaug Andreassen
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 5/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 6/18	Protokoll frå førre møte.
PS 7/18	Kommunale kjerneverdier

PS 5/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 6/18 Protokoll frå førre møte.



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2017/1547
		Arkiv:	030

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
7/18	Arbeidsmiljøutvalet	06.02.2018
	Formannskapet	06.02.2018
	Kommunestyret	15.02.2018

KOMMUNALE KJERNEVERDIAR

Tilråding:

Kommunestyret vedtek at det vert sett eit sterkare fokus på å byggje kjerneverdiane respekt, tillit og samhandling for at kommunen skal kunne leve opp til visjonen sin om å vere ei båtlangd føre og kunne kallast ein «kvalitetskommune».

Desse verdiane må forankrast i heile organisasjonen, politisk og administrativt. Dette er eit leiaransvar. Slik forankring er ikkje gjort ein gong for alle, men må skje kontinuerleg, og det må nyttast ulike verkemiddel.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudtillitsvalde

Samandrag av saka:

Rådmannen rår til at det vert sett eit sterkare fokus på å byggje kjerneverdiane respekt, tillit og samhandling for at kommunen skal kunne leve opp til visjonen sin om å vere ei båtlangd føre og kalle seg ein «kvalitetskommune».

Saksopplysningar:

Herøy kommune sin visjon er «Herøy – ei båtlangd føre». Misjonen (oppdraget) er formulert slik «Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i».

Undersøkingane som er gjennomførde i 2017 viser at kommunen er ein gjennomsnittskommune på dei fleste områda. Kommunen må score klart over gjennomsnittet på ulike kvalitetsindikatorar som brukarundersøkingar, innbyggjarundersøkingar, Kommunekompasset, Kommunebarometeret m.m. for å kunne leve opp til visjonen om å vere ei båtlangd føre og kunne kalle seg ein kvalitetskommune.

I K-sak 92/17 Innbyggjarundersøking 2017 vart det gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret er glad for at innbyggjarane i kommunen er meir fornøgde med tenestene enn landsgjennomsnittet. Her er likevel potensial for vidare utvikling.

Kommunestyret er ikkje tilfreds med resultatata for områda transport og tilgjenge (3,1), møte med kommunen (3,7) og tillit (3,8). I det vidare arbeidet med organisasjonsutvikling må service og tiltak for å bygge tillit vere sentrale tema.»

Det er utarbeidd ein Serviceplakat som ei første oppfølging av innbyggjarundersøkinga.

I K-sak 106/17 Lokaldemokratiundersøking 2017 vart det gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret merkar seg at Lokaldemokratiundersøkinga viser at dei folkevalde i større grad enn innbyggjarane meiner at vi har eit godt lokaldemokrati og at det er små avvik mellom vår kommune og landsgjennomsnittet på dei fleste spørsmåla.

Kommunestyret merkar seg vidare at vi har størst avvik på fylgjande spørsmål:

3. Ordføraren er ein ordførar for heile kommunestyret: (-0,4)

4. Her i kommunen er det dårlege relasjonar mellom posisjon og opposisjon (+0,5)

17. I denne kommunen behandlar politikarane kvarandre med respekt (-0,7)

Kommunestyret vil drøfte tiltak for å møte utfordringane, som har kome fram i undersøkinga, og ønskjer at KS Folkevaltprogram bistår med dette.

Kan fokus på nokre kjerneverdier over tid bidra til at kommunen går frå å vere ein gjennomsnittskommunen til å verte ei båtlangd før, ein kvalitetskommune?

Kjerneverdier vert gjerne definerte som verdier som organisasjonen offisielt forpliktar seg til og som skildrar organisasjonen slik han sjølv ynskjer å uttrykke seg. Kortfatta kan slike kjerneverdier oppsummere det organisasjonen ynskjer å handle ut i frå.

Kjerneverdiane må vere forpliktande for heile organisasjonen, både tilsette og folkevalde.

Innbyggjarundersøking og folkevaldundersøkinga viser at kommunen har ein veg å gå i forhold til respekt og tillit.

Bakgrunnen for den administrative omorganiseringa var å få til betre koordinering eller samhandlinga mellom dei kommunale avdelingane og meir effektiv utnytting av ressursane.

Herøy kommune har fått til fleire store prosjekt i samarbeid med næringsliv og frivillige organisasjonar. Feire saker viser at kommunen har eit forbetningspotensial når det gjeld å samhandle inn mot stat og fylkeskommune.

Innbyggjarundersøkinga, folkevaldundersøkinga og dei administrative utfordringane m.m. tilseier altså at dersom kommunen skal verte ei båt lengd føre og ein kvalitetskommune, slik som vi ynskjer, må det settast eit sterkare fokus på å byggje verdiane **«respekt» og «tillit»** og det må leggjast sterkare vekt på **samhandling** mellom kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar, mellom politikk og administrasjon, innad i administrasjonen og mellom partia i kommunestyret. På denne måten kan det som synest å vere svake sider ved organisasjonen i dag over tid endrast til å verte vår styrke.

Kva betyr så respekt? Wikipedia har slik definisjon:

«Respekt eller aktelse er et begrep for vår holdning overfor andre mennesker som kan vise at vi anerkjenner at den andre er verdig en aktelse enten som vår likemann eller som en vi setter høyere enn oss selv. Ærbødighet og anseelse er andre begrep som kan nyttes [synonymt](#). Tilsvarende kan anerkjennelse for en annen persons handling eller prestasjon gis i form av en uttalt respekt. Eksempelvis, «Det står respekt av det valget hun tok.» Begrepet respekt er et positivt ladet ord. Motsetningen til respekt er [forakt](#). Å vise mangel på respekt vil gjerne bli oppfattet som å være uforskammet. Fra engelsk er begrepet disrespect adaptert til muntlig norsk gjennom [slanguttrykket](#) å disse.»

Mange personkonfliktar kjem av at nokon «føler seg trakka på». I møte med kommunen kan innbyggjarane oppleve mangel på respekt dersom dei t.d. møter «arroganse og ovanfrå og ned haldning», dersom tilsette ikkje er tilgjengelege og imøtekomande og dei ikkje får svar på førespurnader.

Kva betyr tillit?

Å ha tillit til nokon betyr å stole på nokon.

I samband med KS Folkevalgtprogram 2015-2019 er det laga ei bok med tittelen **«Tillit»**. Eg tek med fylgjande frå boka:

«Lokaldemokratiet står sterkt i det norske folk. Folkevalgte i kommuner og fylkeskommuner har stor tillit. Gjennom det å være folkevalgt har du fått lokalsamfunnets tillit til å ivareta deres interesser på en åpen og etisk god måte. Tillit mellom lokalsamfunnet og dere som folkevalgte er en grunnleggende forutsetning i vårt demokrati. Men det er også viktig med tillit mellom dere som folkevalgte og de ansatte i kommunen eller fylkeskommunen. Sist er det også viktig med tillit folkevalgte mellom... Tillit kan ikke kreves, det må fortjenest. Tillit kan raskt rives ned, men er møysommelig å bygge opp. Tusenvis av folkevalgte før deg har møysommelig bygget opp en tillit hos innbyggerne i landets kommuner og fylkeskommuner. Denne tilliten må du forvalte på en klok måte.»

Ordføreren si rolle er viktig når det gjeld å bygge tillit mellom dei folkevalde og mellom dei folkevalde og administrasjonen.

Rådmannen har ansvar for at vedtak i folkevalde organer blir fylgt opp. Rådmannen må bidra til å bygge tillit. Han må legge til rette for ein god dialog, framskaffe heilskapleg og god styringsinformasjon til dei folkevalde og presentere informasjonen på ein open og pedagogisk måte.

Eit system med utstrakt delegering må bygge på tillit, openheit og vere føreseieleg. Tillit i eit system med mykje delegering føreset at folkevalde har innsikt og føler seg trygge på dei vurderingane administrasjonen gjer.

Grete Johansen har gjennom organisasjonen Great place to Work i ei årrekkje jobba med dei beste arbeidsplassane i Noreg. Ho fortel at alle som kvart år vert kåra til beste arbeidsplassen i Noreg, opplever stoltheit og fellesskap, men det som skil dei aller beste frå dei nest beste, er nettopp høgare tillit (henta frå boka Ledergruppen s. 131).

Kva betyr samhandling?

Samhandling er eit omgrep som vert nytta om koordinering og gjennomføring av aktivitetar i ein prosess der ingen enkeltperson eller institusjon har totalansvar, (Wikipedia). Andre overlappende omgrep kan vere samarbeid, samspel, involvering og medverknad .

Eit folkevalt leiarskap er avhengig av eit godt samspel med sin eigen administrasjon. Og skal forholdet mellom dei folkevalde bli godt, krev det respekt og aksept for dei ulike rollene. Tillit er helt sentralt i dette samspelet

Samhandling og involvering med innbyggjarane, næringsliv og frivillig sektor er sentralt for utviklinga av lokalsamfunnet (s. 103).

Heile boka finn du her:

<http://www.ks.no/globalassets/folkevalgtprogrammet-2015-2019-digital.pdf?id=20279>

Vurdering og konklusjon:

Dersom kommunen skal verte ei båt lengd føre, må det settast eit sterkare fokus på å byggje verdiane «**respekt**» og «**tillit**» og det må leggjast sterkare vekt på **samhandling** mellom kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar, mellom politikk og administrasjon, innad i administrasjonen og mellom partia i kommunestyret. Det må også skje ei sterkare samhandling inn mot fylkeskommunale og statlege organ.

Desse verdiane må forankrast i heile organisasjonen, politisk og administrativt. Dette er eit leiaransvar og eit individuelt ansvar. Slik forankring er ikkje gjort ein gong for alle, men må skje kontinuerleg, og det må nyttast ulike verkemiddel. Verdiane må takast opp med jamne mellomrom i leiar møte, leiaropplæring, folkevalttopplæring og i eigne temamøte. I tillegg kan det t.d. lagast ein video, som vert lagt på web, der forskjellige personar seier noko om kva dei legg i dei tre orda og at dette vert ein del av forankringa av verdiane i organisasjonen.

Kjerneverdier er drøfta ute i organisasjonen med tilsette og tillitsvalde i samband med 10-faktor-opplæringa, i arbeidsgruppa for arbeidsgjevarpolitikk og rådmannen si leiargruppe.

Fosnavåg, 11.12.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann